



Gode Lionsvenner i 104C

Månadsbrev desember 2021

Vel overstått jul til alle. For mange av oss har det blitt ei annleis jul i år også. Kven hadde trudd det i fjor? I alle fall ikkje eg. Isolasjon, karantene, korona, munnbind, avstand og alle andre påbod må ein gong ta slutt. Hadde me berre visst kor tid.

Sidan sist

Hausten har vore bort i mot normal for dei aller fleste klubbane. Tilbakemeldingar frå soneleiarar og klubbar vitnar om det. Desember er månaden for julekonsertar, julemessar, julerebus, lodd- og kalendersal. Flotte aktivitetar som gjev gode inntekter for mange klubbar. Som tidlegare år, så har utdeling av matkorger og julegåver til familiar som trong litt ekstra støtte til jul vore en fin aktivitet for mange. Det er så fantastisk å sjå kor mykje jobb som blir lagt ned av medlemmene for å gle andre. Det er også fint å sjå at me samarbeider med andre organisasjoner og at me synleggjer det. **Tusen takk til alle som har bidrige. De er gode.**



Dei fleste klubbane fekk også gjennomføra julemøta sine før landet vart stengt ned igjen. Eg var så heldig å bli beden på julemøte til LC Radøy som markerte 40- årsjubileet til klubben denne kvelden. Gratulera til klubben og lykke til vidare.

Det er så kjekt å sjå at klubbane er flinke å heidra medlemmer som har gjort ein ekstraordinær innsats for klubben og Lions både med Melvin Jones Fellowship Award, Lionsfakkelen og andre påskjønningar. Her er nokre av dei eg har klart å plukka opp.



Bjarte Skjelvan, Vinjar Holmefjord, Georg Espenes og president Egil Samnøy
LC Fusa



President Steinar Jakobsen LC Laksevåg og Giske Eide

Mikal Daltveit LC Osterøy



Norvald Elvik fekk plakett av presidenten i LC Radøy, Tore Villanger

Agnar Høysether fekk Lionsfakkelen frå LC Norheimsund.
Her i lag med Grethe Erdal og president Turid Bang.

Stor takk til alle som støtta Julekaravanen til Marijampole også i år.



Ikkje minst stor takk til prosjektgruppa med Marwin Hopland som prosjektleiar, for særskilt godt utført oppdrag.

Me var 30 personar som reiste og av desse var det 10 flotte ungdommar. Det var spennande til siste slutt om pandemien kom til å setja ein stoppar for turen. Det gjekk heldigvis fint. Alle kom friske, men slitne heim att. Som alltid, så vart dette ein minneverdig tur for alle som var med. Me besøkte 48 familiar som fekk litt ekstra til jul. Alle borna i alle familiene fekk flotte julepresangar sponsa av medlemmer eller klubbar. I tillegg fekk 10 einslege eldre nødvendig utstyr til heimen som komfyr, vaskemaskin eller kjøleskåp. I år fylte me kinosalen med born frå vanskelegstilte familiar og såg ein Disney-film. Etterpå fekk alle barna julegodt frå nissen. Barna frå våre to skulefritidsordningar vart igjen til slutt og vart overrekt julegåver frå Norge. Julefesten som me alltid brukar å ha var eit sakn for meg, men på grunn av pandemien var det nok best å gjera det på denne måten i år.

Distriktet

Stormøta som var planlagt i Bergen og Stavanger har me dessverre mått å utsetja til seinare på våren. Nye datoar er ikkje fastsett då me ikkje veit noko om kor lenge denne nedstenginga vil vara. Så no tar me opplæringa ut til sonar og klubbar. GAT har sendt ut e-post om dette.

Så vil eg minna om e-posten som vart sendt ut til alle medlemmer 29.november,

"Val og saker til Distriktsmøte 2022» Frist er 1. februar 2022 men send gjerne inn forslag på kandidatar tidlegare. På styremøte no i romjula vedtok styret å splitte vernet ITC/PRC. Terje Berge fortset som ITC i eit år til. PRC vernet vil då i tillegg til dei andre verva også vera på val til våren. Tenk på om du kunne tenkt deg eit verv, eller så kan du sjølv sagt føreslå ein annan medlem. Det er også mange sonar som treng soneleiarar for 2023-2024. Eit verv i Distriket er både kjekt og lærerikt. Opplæring vil bli gitt i alle verv. Så ikkje nøl med å ta kontakt med leiaren i valkomiteen Oddvar Dalane oddvar.dalane@halliburton.com Tenk også på kandidatar til "Ildsjelprisen" og "Ungdomsprisen". Forslag skal sendast til c.dg@lions.no

MyLion

Vil igjen minna om MyLion. Det er så viktig at klubbane kjem i gang med rapportering for å synleggjera alt me gjer. Dette **må** ha høg prioritet i alle klubbar som ikkje rapporterer. **Målet er at distriktet vårt skal bli det beste på rapportering**. No er det 44 % av klubbane som rapporterer. Det er bra, men me har enno ein lang veg å gå til 100%. Målet er at me skal klara det. Ta kontakt med opplæringsansvarleg GLT Jarle Hanstveit jarle.hanstveit@gmail.com dersom det skulle vera spørsmål til dette, eller ITC i distriket Terje Berge c.itc@lions.no dersom du har problem med innlogginga på lions.no eller Gnist. <https://www.lions.no/#>, eller den internasjonale sida [Home page | Lions Clubs International](https://www.lionsclubsinternational.org/)

Lions sentralt



Lions Røde Fjær (LRF)

Startskuddet har gått for lengst og innspurten er i gang. Eg håpar at alle klubbane har planlagt aksjonen godt og at alle er lojale mot vedtaket om å samla inn 50 millionar kroner til Beitostølen Helsesportsenter. Distrikt 104C sin del er 9,2 mill. Det gler meg å sjå at stadig fleire klubbar bidrar med aktivitetsmidlar og er med på og pryda «poteveggen» <https://www.lrf.no/poteveggen/>

Det er så viktig at me er synlege under aksjonsdagane **11.-13. februar**. Gjerne ein stand, **men viktigast av alt er at me går med bøsser**. «Folk har ikkje pengar», er eit argument for ikkje å gjera det. Fleire enn me trur har kontantar. Eller «me er for gamle til å gå rundt med bøsser». Det kan nok vera tilfellet for mange. Men få andre til å gå med bøssene. Klubbane har heilt sikkert støtta både musikklag, idrettslag, fritidsklubbar og andre organisasjoner gjennom mange år. Spør om desse kan hjelpe til. Eller spør familiemedlemmer. Har ikkje klubben din bestilt bøsser, så er det ikkje for seint.

Me skal sjå til at alle små heltar når sine store draumar.

Klubbane kan ikkje gjera vedtak om å velja vekk noko som er vedteke på Riksmøte.

På bøssene er det også eit Vipps – nummer og QR – kode. Alt som blir putta i bøssa på den eine eller andre måten, blir godskrive klubben din si innsamling. Følg gjerne lenka under for meir infomasjon. <https://gnist.styreweb.com/org/4425/3367/articlecategories/38/3416>
Ta kontakt med distriktet sin LRF- kontakt Jan Egil Friestad egfriest@kleppnett.no om det skulle vera spørsmål til innsamlinga.



Tulipanaksjonen er som alltid siste laurdagen i april. 14. desember vart det sendt ut e-post med informasjon til alle klubbar. Den er også lagt ut på intranettsida til Lions Norge.
Inntektene til tulipanfondet er avgjerande for aktiviteten til "Det er mitt valg".
Planlegg dette godt og bestill rikeleg med tulipanar når den tid kjem. Gjerne fleire enn tidlegare.

<https://gnist.styreweb.com/org/4425/3367/articlecategories/2/2603/27454>


I informasjonen står det også litt om «**Vår dag**» som for oss er Tulipanaksjonen.

"Vår dag". Klubber kan søke om tilskudd fra "Frivillighetens år 2022" for årets arrangement. Den første søker rundan var i høst. For de som ikke rakk det, kan søker i forbindelse med runde 2 som starter 17. januar og er åpen til 7. februar 2022. Sett deg godt inn i kriteriene og beregn god tid! Pengene utbetales i slutten av mars. Dere må blant annet sette opp et budsjett for aktiviteten og ha en samarbeidspartner (f.eks e idrettslag, barnehage, speidere, etc). Her finner du alt om søkeren: <https://frivillighetensar.no/vardag/soknad>

Nordisk Samarbeids Råd (NSR) 2022 skulle vore på Island 22.-23. januar. I staden blir det digitalt i år også, ope og gratis for alle. Program og påmelding finn du her:

<https://www.lions.is/is/nsr2022>

Campaign 100



Det viser seg at fleire klubbar i distriket er nær ved å oppnå modellklubbstatus. Det er svært gledeleg. Ta kontakt Marwin Hopland marwin.hopland@gmail.com så sjekkar han kva som skal til for at klubben din kan oppnå denne statusen. Som modellklubb må ein betala inn 500 USD pr medlem i aksjonsperioden som blir avslutta 30.06.23. Frist for å betala inn er før jul i 2025. Tidlegare innbetalte beløp til LCIF i aksjonsperioden blir medrekna. LCIF er felleskontoen til bruk når katastrofar skjer rundt om i verda. Ein kan få støtte til gode prosjekt derifrå.

Godt nytt år - 2022



Så vil eg til slutt få ønskja alle ei fin nyttårsfeiring og alt det beste for det nye året. Nyttårsafta er for meg ein dag for ettertanke. Året har hatt sine utfordringar for mange, også for meg og familien min. Tenkjer eg etter, så har mykje vore mykje fint også. Heldigvis. Det som også gler meg, det er å tenkja tilbake på alle hyggelege kontaktar eg har hatt med flotte og engasjerte Lions-medlemmer gjennom året. De er gode. Ta vare på deg sjølv og alle rundt deg. "Slå på tråden" til nokon du veit treng ei ekstra oppmuntring i desse dagar. Det er ikkje alltid det skal så mykje til for å gle ein annan.

Hugs at Kindness Matters

**Beste Lionshelsing frå
Gunnhild Rein Almås
Distriktsguvernør 104C 2021-2022
Telefon 90 79 67 47
c.dg@lions.no**